



## Referat

### Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde

<b>Dato og tid:</b>	1.juni 2021 kl. 10:00 – 13:00
<b>Møtestad:</b>	Digitalt møte på Teams
<b>Møteleiar:</b>	Åslaug Bøhn Botnen
<b>Til stades:</b>	Madeleine B. Skjelde (Voss sjukehus), Ida C. Eide Aabrek (brukarrep.), Stein Johnny Heggstad (brukarrep.), Olav Lødemel (Voss sjukehus frå kl 1100), Grete Lill Hjartnes (SSE), Britt Heidi Tefre (NSF), Solrun Hauglum (Vaksdal), Åslaug B. Botnen (Kvam), Frédéric E. Larsen (Voss DPS NKS Bjørkeli), Randi-Luise Møgster (HUS), Ragnhild Rykkje (fagforbundet), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord), Kjersti Nordanger (Voss)
<b>Fråfall:</b>	Åshild Sønsteby (Ulvik),
<b>Referent:</b>	Reidun Braut Kjosås (SSE)

<b>Nr.</b>	<b>Saksliste</b>	<b>Saks-type</b> (Vedtak Drøfting Orientering)
16/21	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b> Ingen merknader	V
17/21	<b>Godkjenning av referat frå møtet i Samarbeidsrådet 18. februar 2021</b> Ein merknad til referatet frå brukarrepresentant: - Det vart gjort ei endring i sak 14/21. Oppdatert referat ligg vedlagt.	V
18/21	<b>Referat frå møte i underutvala</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Underutval barn og unge<ul style="list-style-type: none"><li>o møte 29.04.21</li></ul></li><li>- Underutval PLO<ul style="list-style-type: none"><li>o møte 25.05. Referat var ettersendt.</li></ul></li><li>- Underutval for rehabilitering<ul style="list-style-type: none"><li>o 05.05.21</li></ul></li><li>- Underutval rus og psykiatri<ul style="list-style-type: none"><li>o 04.02.21</li><li>o 15.03.21</li><li>o 06.05.21</li></ul></li><li>- Referat frå UFAB vart tilsendt kort tid før møtet (same dag), og vart gjennomgått i møtet. Referatet ligg vedlagt.</li></ul>	O

	Det var ingen merknader til referata.	
19/21	<b>Referat frå felles underutval</b> Det var ingen merknader til møtereferat frå felles UFAB, 14.04.21	O
20/21	<b>Endring av rutinar for offentleggjering av sakslister og referat</b> I saksgrunnlaget kom det fram følgjande forslag til rutinar for godkjenning og offentleggjering av referat frå utvalsmøta: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Referat blir sendt på e-post til gjennomgang og godkjenning med fastsett frist for å gi tilbakemelding til sekretær for utvalet.</li> <li>2. Dersom det kjem merknader/innspeil til referatet skal det vurderast om endringar er av en slik art at referat bør sendes på nytt til medlemmene for endeleg godkjenning.</li> <li>3. Når referat er godkjent vert det publisert på felles nettside og sendt til partane sine postmottak.</li> </ol> SSe tilrår at saksliste med saksvedlegg blir sendt ut på e-post som før, og vert publisert på <a href="http://www.saman.no">www.saman.no</a> . Medlemmane i samarbeidsutvala har sjølve ansvar for å leggja dokumenta i kommunen/føretaket si postliste.  <b>Vedtak</b> Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. forslag til nye rutinar for godkjenning og offentleggjering av referat frå møter i samarbeidsrådet, slik det er presentert i forslag til nye rutinar.</li> <li>2. at sakslister vert sendt til utvalsmedlemmene som før, vert godkjent i samarbeidsutvalsmøta og deretter publisert på felles nettside.</li> </ol>	V
21/21	<b>Handlingsplanen</b> Gjennomgang av status for tiltaka. Det var ingen merknader til saka.	O
22/21	<b>Handlingsplan pkt 1.4 – Særavtale for samarbeid om utdanningsløp for ALIS</b> Elena frå SSe orienterte om saka.  <b>Vedtak:</b> Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til arbeidsgruppa sin føreslåtte sluttprosess for avtalearbeidet.	V
23/21	<b>Handlingsplan pkt. 2.1 - Felles Utviklingsplan for samarbeid og samhandling</b> Utval leiår Åslaug Bøhn Botnen orienterte om saka. Prosjektrapporten skriva av prosjektleiar Odd Ivar Øvregård inngår som en del av kunnskapsgrunnlaget til vidare arbeid. Rapporten ligg vedlagt.  I møtet vart det stilt spørsmål om kvifor ikkje økonomi og tilskotet til sekretariatfunksjon i arbeidet med helsefellesskap var teke med i saksgrunnlaget. Det er eit ønske frå Samarbeidsrådet at dette tilskotet vert delt på alle dei kommunale representantane for å styrka deltaking i arbeidet med «felles utviklingsplan».  Tidsplanen for arbeidet er stram, men skal vera mogleg å få til. Samarbeidsrådet støttar fult ut at styringsgruppa/arbeidsgruppa vert utvida med ein brukarrepresentant til.	O/V

	<p>Samarbeidsrådet er samd i at det er viktig å sikra brei involvering. Å etablera referansegrupper kan vera ein god måte og høyra ut fleire (td KS og kommunalsjefnettverket).</p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Samarbeidsrådet støttar forslag til prosess og mandat for arbeidet med å etablera helsefellesskap i regionen. Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde vil tilføya at det er viktig å sikra brei involvering frå alle SU områda i arbeidet samt høyra ut viktige referansegrupper som til dømes kommunalsjefnettverket. Vidare ønskjer SR Voss at tilskotet til styrking av sekretariatsfunksjonen vert fordelt mellom alle utvalsområda.</p>	
24/21	<p><b>Covid-19 – orientering frå koordineringsgruppa</b>  Orientering om status frå koordineringsgruppa v/ Dag Erlend Skjelbreid og Kjersti Nordanger</p> <p>Dag Erlend (kommuneoverlege i Kvam herad) orientert om gangen i eit «vanleg» møte i koordineringsgruppa:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- smittestatus i regionen og status for vaksinasjon</li> <li>- kapasitet på testing og smittesporing. Dersom det er ønskje om å diskutera spesifikke problemstilling vert desse meldt inn på førehand.</li> <li>- HB og HDS orientere om status og utfordringar frå føretaket <ul style="list-style-type: none"> <li>o tal innlagde</li> <li>o kapasitet på labben (per i dag føreligg svar på under 24 timar i 99% av tilfella).</li> </ul> </li> <li>- orientering om pandemiutviklinga <ul style="list-style-type: none"> <li>o R-talet</li> <li>o korleis det er venta at pandemien vil utvikla seg dei neste 2 vekene.</li> <li>o mutasjonar og typar mutasjonar</li> </ul> </li> </ul> <p>Det har vore nyttig å delta i koordineringsgruppa. Det har kanskje gått noko ut over lokalt samarbeid. Kommunelegane i lokalsjukehusområdet hadde tidlegare faste møter. Desse har det vore færre av i pandemi perioden. Det har og i periodar halta litt med å få inn informasjon frå dei kommunane som ikkje har delteke i koordineringsgruppa.</p> <p>Kjersti Nordanger (kommunalsjef helse og omsorg i Voss herad) har og deltek i koordineringsgruppa. Ho trekk fram at det er ei velfungerande gruppe, med god møteleiing og god struktur (innkalling, referat mv). Det har vore nyttig å ha med både kommuneoverlege og kommunalsjef i denne gruppa. Kommuneoverlegen har kontakt med dei andre kommuneoverlegane og Kjersti med kommunalsjefane.</p> <p>Det har vore trygt å ha koordineringsgruppa til å ta opp ulike spørsmål og problemstillingar. Kommunane kan nok likevel verta endå flinkare på involvering.</p> <p>Det har vore eit krevjande år. Både kommunane og sjukehusa skal sikra ordinær drift samstundes som pandemien skal handterast (smittevern, smittesporing, vaksinasjon mv). Kanskje me framover må verta endå flinkare på å samarbeida om oppgåver? Informasjonsutveksling kan og verta betre.</p> <p>Innspel frå brukarrepresentant. Brukarar opplever at det er ulik praksis i kommunan for korleis personar med nedsett funksjon og utviklingshemming får tilbod om å gjennomføra vaksinasjon.</p>	O

25/21	<p><b>Handlingsplan pkt. 2.5 – Digital samhandling</b>  Kristin Brekke (Bergen kommune) og Jørn Åge Hanssen (Helse Bergen) ga ei orientering over digitaliseringsområdet frå kommunen og spesialisthelsetenesta. Presentasjonen ligg ved.</p> <p>SSE ber om ei tilbakemelding dersom det er prioriterte satsingar eller prosjekt i lokalsjukehusområdet som bør presenterast og synleggjerast i septembermøtet.</p>	O
26/21	<p><b>Toppleiarmøtet 2022</b>  Orientering om planlegging og gjennomføring av Toppleiarmøtet 2022.</p> <p>Samarbeidsrådet ber SSE sende ei møteinnkalling i outlook for toppleiarmøtet. Dei kommunale representantane vidaresender møteinnkallinga til ordførar og rådmann. Invitasjon og program for Toppleiarmøtet kjem til hausten.</p>	O
27/21	<p><b>«Utfordringar knytt til oppfølging av samarbeidsavtalen om inn og utskrivning i psykisk helsevern.»</b>  SSE orienterte om saka.</p> <p><b>Vedtak</b>  Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde tek saka til orientering og støttar forslaget om å knytte eit vidare forbetringsarbeid til etablering av helsefelleskap i føretaksområdet samt til arbeidet med prioriterte pasientgrupper.</p>	O/D
28/21	<p><b>Val av nye representantar til Medisinsk fagleg utval (MFU)</b></p> <p><b>Vedtak</b>  Samarbeidsrådet tek saka til orientering.</p>	O
29/21	<p><b>Samla plan for Voss sjukehus 2035</b>  Randi-Luise Møgster (leiar for styringsgruppa) orienterte om status for arbeidet med «Samla plan for Voss sjukehus 2035». Presentasjonen ligg ved.</p> <p>Ulike alternativ blir nå vurdert. Foreløpig er ingenting bestemt. Det er fordeler og ulemper ved alle alternativa.  Det er eit ønskje frå sjukehuset om å få innspel til arbeidet. Kommunane deltek gjerne på eit dialogmøte.</p> <p>Føretaket kallar inn kommunane i lokalsjukehusområdet til dialogmøte om «Samla plan for Voss sjukehus».</p>	O
30/21	<p><b>Orientering frå partane</b>  <b>Vaksdal kommune</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ingenting spesielt å melda.</li> </ul> <p><b>Voss herad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunen er som kjent i ei større omlegging av tenesta. Endring av vedtakspraksis ved tildeling av tenester. Målet er at brukarane skal bu lengre heime og bruka korttids plassar i periodar. Omlegginga har ført til redusert bruk av langtids plassar. Kommunen klarer på same tid å ta unna ventelister. Hadde ei lita auke i tal pasientar som måtte venta frå sjukehuset i starten av året, men har no ledig kapasitet og sett inn tiltak for å unngå slike situasjonar.</li> </ul>	O

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Drift av legevakt har også vore tema den siste tida. Det er godt samarbeid med HB. Ikkje minst for å få landa den beste løysinga når den er klar.</li> <li>- Rehabilitering er viktig. Hagahaugen står ledig og bør nyttast hensiktsmessig. Det er laga ein større plan for bruk av bygningsmassen på Hagahaugen. Ser på moglegheitene for å gå i dialog med HB og kommunar om å kunne tilby ledige plassar. Det er dialog med fysioterapeutane på Voss sjukehus. Voss herad har moglegheit for å utvida tenesta.</li> <li>- Arbeider med å etablera eit friskliv- og meistringstilbod (light). Har nettopp godkjent mandatet. Tiltak i form av kurs for sårbare grupper.</li> <li>- Er i prosess med å inngå samarbeidsavtale med Helse i Hardanger.</li> </ul> <p><b>Eidfjord kommune</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ikkje mykje nytt å melde om samhandling. Slit med bemanning (men det skuldast ikkje samhandling).</li> </ul> <p><b>Kvam herad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Driver etter same modell som Voss. Flytter ressursar frå institusjonsomsorg til heimebaserte tenester. Har blant anna etablert høgare kompetanse i heimetenesta. Har ikkje starta formell evaluering.</li> <li>- Har ledige senger og klarer å ta unna pasientar frå sjukehuset.</li> <li>- Mange prosjekter blant anna knytt til leve hele livet.</li> <li>- Legetenesta har framleis utfordringar med rekruttering. Generasjonsskifte. Lyst ut heimel 3-4 gonger.</li> <li>- Sak om fastlege ordning i heradstyret no i juni. ALIS, fastlønn og utekontor er tema i denne saka. Utfordring å bemanna utekontor.</li> <li>- Utfordring om bu og hjelpetilbod innan rus og psykiatri. Kor kan me kjøpa tenester og søkja samarbeid?</li> <li>- Samarbeid med Helse i Hardanger (metode utvikling og ernæring).</li> <li>- Slit med å få nok sjukepleiarar gjennom ferieavvikling.</li> </ul> <p><b>Helse Bergen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- «Labben» køyrer full drift gjennom sommaren (pandemi).</li> <li>- Arbeide med fagleg integrasjon (ROP pasientar)</li> <li>- Ansvarleg for HAB (heroin assistert behandling). Korleis organisera denne tenesta? Me treng ein kommunestemme utover Bergen kommune. Inviterer kommunane inn. Meld gjerne tilbake til SSE dersom det er ønskje om å delta.</li> <li>- Voss sjukehus – ferieavvikling i veke 26 -33. Ingen planlagt aktivitet utover det mest nødvendige. Utfordrande og ikkje kunne bruke utalandske vikarar (som før pandemien). Har kontroll. Dei fleste har fått vaksine. Dei som står igjen får vaksine i heimkommunane.</li> <li>- God samhandling med kommunane. Vikar situasjonen er litt vanskeleg på spesial avdelingar. Sengepost ok med vikarar.</li> </ul> <p><b>Andre</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bjørkeli DPS. Mykje er som sist. Godt samarbeid me HB. Mange tilvisingar. Godt planlagt sommarferie avvikling. Noko redusert tilbod i sommar. To nye prosjekt som kjem på agendaen i løpet av hausten.</li> <li>- Brukarrepresentant. Ulik praksis mellom kommunane knytt til blant anna gjennomføring av vaksinasjon av personar med nedsett funksjon og utviklingshemming.</li> <li>- Sjukepleiarforbundet: lønnsforhandlingar. Utfordring særleg nå når det nærmar seg ferie og spesialet på fødeavdelinga (manglar jordmødre).</li> </ul>	
31/21	<b>Eventuelt</b>	

